

NU-kontakt



Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr 4/2007

Denne sendinga inneholder

- NU-kontakt
- Invitasjon til Barnlek 2008

Barnlek 2008

www.barnlek2008.no

Invitasjonen til det nordiske barnestemne den 2.-6. juli i Porsgrunn er kommet! Noregs Ungdomslag håper mange barn mellom 8 - 16 år får oppleve dette fantastiske stemnet. Her kan både grupper og familiær delta. Kjem du?

Noregs Ungdomsring

-Lillesand, 21. - 24. juli

I 2008 blir det samling dagane i framkant av Folkekulturfestivalen for ungdom med interesse for både **folkedans, teater og folkemusikk**. Vi kaller dei tre parallelle kursa: NUR-folkedans, NUR-teater og NUR-spell.

Dette er ei samling for alle mellom 14 - 26 år.

Meir informasjon i neste Ungdom og på heimesida.

Folkekulturfestivalen

-Lillesand, 24. - 27. juli

Sett av datoene finn og fram solkremen! Lokal arrangør fristar mellom anna med leikfest med Sven Nyhus kvartett, konsert med mellom anna gruppa Arme Riddere, ball, teaterframstyringar, mange forskjellige kurs og dansearenaer.

Delta på Improkappleik? Framstyringskappleiken?
Ta Spelmerke eller Feleknappen?

Sjå meir informasjon i neste Ungdom og på

Skattefritak for gaver til laget

Personar som har gitt gaver til lokallaget i 2007 kan få skattefritak for dette.

Gåva må vere på minst kr. 500 og maksimalt beløp som kan trekkest fra på skatten er kr. 12000. Det er Noregs Ungdomslag som sender inn informasjon til skattemyndighetene om desse gåvene. For at vi skal kunne gjere dette, må vi ha slik informasjon om personane de har fått gaver frå:

I Personnummer I Gåvebeløp I Namn I Adresse I

Frist for innsending av denne informasjonen til oss er 10. januar.

Ekstra pengar til jul

-momskompensasjon til alle lokallag i NU

Lokallaga i NU har no fått utbetalt eit beløp frå oss som de kanskje lurar på kva er? Noregs Ungdomslag får momskompensasjon på bakgrunn av organisasjonen si totale verksemd. Som medlemslag i NU er de med på å avgjere storleiken på tilskotte. Styret har difor vedteke at lokallag som har betalt kontingent og sendt inn dokumentasjon på medlemstal og aktivitet, skal få ein del av denne kompensasjonen. Storleiken er utrekna etter tal betalande medlemmer i laget.

Lag som har sendt inn dokumentasjon på meirkostnadene dei har hatt p.g.a moms, har i tillegg fått dekt dette. Desse midlane er utbetalt tidlegare i år.

Det er berre lag som er knytt til ein sentral organisasjon som kan dra nytte av momskompensa sjsionsordninga.

Styret vil på sitt første møte i 2008 ta stilling til korleis midlane som vi nett har mottatt som kompensasjon for 2006 skal fordelast.

Bli med på manuskonkurransen!

-*Gje barna ordet!*

Noregs Ungdomslag inviterer barneteatergrupper til å vere med på manuskonkurransen i høve Henrik Wergeland sitt 200 års jubileum i 2008.

Bli med og lag eit manus, og eventuelt også framsyning, om Henrik Wergeland og dei verdiene han stod for! Dette skal vere ei framsyning med barn, laga av barn og for både barn og vaksne inspirert av Wergeland. Framsyninga bør ligge på om lag 20 minutt eller mindre. De kan ta i bruk alle sjangrar og verkemidel de ynskjer.

Frist for å sende inn manus og DVD/video: 30. mai 2008. Ei barneteatergruppe blir oppnemnt som jury. Vinnaren får kr. 4000,-

Ta kontakt med Ida på NU-kontoret:
[ida@ungdomslag.no](mailto:idam@ungdomslag.no) 24 14 11 10

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Storkurs i Stavanger

Tid: 25.-27. januar 2008. Påmelding: snarast!

Teaterkurs

Lær å lage teater av ekte historier

Lærar: Veronica Salinas

Veronica lærer deg teknikkar for å lage teater med fokus på lokale og/eller personlege historier, skapt gjennom improvisasjon og forma kollektivt til teater - Community theatre.

Sats Ungt!

Lærar: Trine M. Sjølyst

Eit kurs for deg som vil lære meir om organisasjonsarbeid. Kurset er spesielt tilrettelagt for ungdom.

Merk: spesialpris for ungdom!

Bunadseminar

Rokokko, kalemank og silkedamask – eit nærbilete av draktskikken frå Ryfylke

Lærarar: Ellen Runderheim og Jon fredrik Skauge
Her kan du få lære meir om den rekonstruerte kvinne- og mannsdrakta frå Rogaland, samt om silkedamask og korleis europeisk mote har påverka norske folkedrakter.

Folkedans

Lærar: Berta Sørstrønen

Tema: turdans, ril, songdans, innsamlingsarbeid og litt historie...

Praktisk heimesidebruk

Lærar: Silje Hjelle Strand

No har vi fått nettsider, men korleis bruker dei? Dette er eit kurs for alle laga som har heimeside, men som slit med å halde dei oppdaterte og lurer på kva som bør stå og kva som ikkje bør stå av informasjon her.

Gå inn på www.ungdomslag.no for meir info.

Organisasjonskurs

Lærar: Halvard Ellingsberg

Her får du lære meir om det å drive eit lag, sitje i styre og bruke den nye "Verktøykassa".

Gå inn på www.ungdomslag.no for meir info.

Leik og læring i Tromsø

Tid: 15. - 17. februar 2008

Lærar: Birgitte Rørvik Bruun

Troms Ungdomsfylking arrangerer kurshelg med mellom anna Leik og Læring-kurs for deg som vil bli barne- og ungdomsinstruktør. For meir info. kontakt NU-kontoret.

Fagseminara i NU

Tid: 25.-27.april 2008

Stad: Bergen

Fagseminara er ein arena i NU, der ein møtast til fagleg påfyll, erfaringsutveksling og diskusjon. I 2008 er hovudtema for **folkedansseminaret** hamborgar, songdans og stordans. Temaet for **teaterseminaret** vert utarbeidd i samarbeid med teaterlaga i området og mål er m.a. å skape eit fagleg nettverk. Temaet for **bunadsseminaret** er "Middelalderen; tekstilar og handel". Parallelt med seminara er det **landsrådsmøte** for tillitsvalde i fylkeslaga og styret i NU. Nytt for året er eit eige **seminar for tilsette** i lokal- og fylkeslag. Det blir også ei samling for leiarar i ungdomsringane, **Sats Ungdomsring**.

Velkommen!

**Noregs Ungdomslag ønskjer alle
God Jul og
Godt Nytt År!**

Aktivitetskalender

- 25.01 - 27.01 Storkurs i Stavanger. Arr.: Telemark,Rogaland,Aust- og Vest - Agder
- 15.02 - 17.02 Storkurs i Tromsø
- 18.04 - 20.04 Ungdomshelg i dans, musikk og teater. Arr.: Nordland Ungdomsfylking
- 25.04 - 27.04 Fagseminara i NU, Bergen
- 02.07 - 06.07 Barnlek 2008 (Nordisk stemne for barn), Porsgrunn
- 08.07 - 12.07 Havleik 2008 i Torshavn, Færøyane
- 20.07 - 24.07 Noregs Ungdomsring 2008, Lillesand
- 24.07 - 26.07 Folkekulturfestivalen 2008, Lillesand
- 30.06 - 05.07 Nordlek 2009 Lahti, Finland
- 04.08 - 10.08 Sommarkursa i NU, Ringebu folkehøgskole

Dette er eit lite utdrag frå kalenderen på heimesida vår: www.ungdomslag.no

Send inn informasjon om ditt arrangement til informasjon@ungdomslag.no

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no